



Mot felles mål

## Nettverk i kreftomsorg og lindrende behandling i Helse Bergen foretaksområde

### ÅRSRAPPORT FOR 2018

#### Samandrag

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen føretaksområde har ved utgangen av 2018 168 ressurspersonar: 132 i Nettverk for ressurssjukepleiarar og 39 fysioterapeutar og 10 ergoterapeutar i Nettverk for fysio- og ergoterapeutar. Av dei som har svart på den årlege rapporteringa, har 19 % av ressurspersonane i sjukepleienettverket vore med i mindre enn eitt år, medan 52 % har vore ressurssjukepleiar i tre år eller meir. Desse tala har halde seg stabile dei siste åra.

2018 har vore prega av stabil, god drift. Det er gjennomført felles introduksjonskurs og årleg fagdag for ressurspersonar og leiarar/ fagansvarlege i begge nettverk. Nytt for i år var at ein inviterte også legar til årleg fagdag, og kalla det *Fagseminar i palliasjon*. Tema på fagseminaret var «Hvordan lindre i tidlig fase - uavhengig av diagnose?». Samlinga i vår for Fysio- og ergoterapinettverket hadde som tema «Behandling av barn og unge med alvorlig sykdom i ulike faser». Sjukepleienettverket har hatt ei fellessamling for alle dei lokale nettverksgruppene der også fysio- og ergoterapinettverket var invitert. I tillegg har sjukepleienettverket hatt to lokale nettverksmøte i kvar av dei sju nettverksgruppene. Obligatoriske tema har vore «Pasient og pårørande med minoritetsbakgrunn som lever med alvorleg sjukdom» (fellesmøtet) og «Kommunikasjon mellom aktørane i helsevesenet». Det har vore noko lågare deltaking av ressursfysio- og ergoterapeutar dette året, medan oppmøtet på nettverksgruppemøta i sjukepleienettverket har halde seg stabilt samanlikna med i fjor.

Det har vore fokus på ressurspersonane sin undervisningsfunksjon og det har spesielt vore oppmuntra til å dela frå nettverksmøte. Rapporteringa viser at talet på dei som brukar ESAS-r, Livets siste dagar og nasjonale retningslinjer er stabilt. Begge nettverka har understreka viktigeita av leiingsforankring, men rapporteringa viser at me treng å arbeida vidare med dette.

Det vil også framleis vera viktig å ha fokus på rolla som ressursperson og auka deltaking på nettverkssamlingar og årleg rapportering.

#### Føremålet med nettverket

Føremålet med nettverket er å bidra til kompetanseheving og betre samhandling på alle nivå i helsetenesta, slik at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen, pasientar med behov for lindrande behandling, og deira pårørande opplever tryggleik og mottar helse- og omsorgstenester av god kvalitet.

Ny strategi 2017-2020 blei vedteke av styringsgruppa for nettverket i januar 2017. Strategien gjeld for alle nettverka i Helseregion Vest. Våre fokusområder er:

1. Pasient- og pårørrandearbeid
2. Kompetanseheving
3. Organisering og drift av nettverket
4. Leiingsforankring
5. Samhandling

#### Årleg rapportering

Årleg rapportering gjev grunnlag for oppsummering i nettverket. 81 ressurspersonar i sjukepleienettverket og 23



ressurspersonar i fysio- og ergoterapinettverket har svart på rapporteringa i år. Til samanlikning var tala i fjar 103 i sjukepleienettverket og 31 i fysio- og ergoterapinettverket. Til saman har 60 leiarar svart på årleg rapportering: 53 i sjukepleienettverket og 7 i fysio- og ergoterapinettverket. Dette talet har også gått ned samanlikna med i fjar. Nettverket har som målsetting å få 100 % oppslutning om årlig rapportering innan 2020.

I rapporteringa svarer cirka 80 % av leiarane i begge nettverka at nettverket bidrar i stor eller svært stor grad til å betra kvaliteten på kreftomsorg og lindrande behandling.

Delen av ressurssjukepleiarar som har sett av tid til funksjonen, har halde seg stabil dei to siste åra på vel 40 %. Ressurspersonar i begge nettverka opplever *tid* som det mest utfordrande i funksjonen som ressursperson.


Under blir det skildra hovudaktiviteter og resultat i 2018, innanfor dei fem fokusområda i strategien.

## 1. Pasient- og pårørrandearbeid

**Mål: Bidra til at helse- og omsorgstilbodet til pasientar og pårørande er av høg kvalitet**

### Sjukepleienettverket

Bruk av kartleggingsverktøy og retningslinjer for symptomlindrande behandling er valde som kvalitetsindikatorar for det kliniske arbeidet. Under følgjer resultat for bruk av ESAS-r, medverknad til utarbeiding av individuell plan, tal på ressurspersonar som har Livets siste dagar innført på sin arbeidsplass, og tal på personar som bruker nasjonale retningslinjer for symptomlindrande behandling:



Dette diagrammet viser at bruken av kartleggingsverktøy har vore svært jamm dei to siste åra, men med nedgang i kor mange som har medverka ved utarbeiding av individuell plan. Av dei 59 sjukepleiarane som oppgjev at dei har tatt i bruk ESAS-r, svarer 38 at ESAS-r er lagt inn i elektronisk journal. På spørsmålet «Har du gode erfaringer med bruk av IP?» svarer 15 av 38 ja på spørsmålet; 7 svarer at dei har delvis gode erfaringar og 15 svarer at dei ikkje har gode erfaringar. Under frie kommentarar skriv ein ressurssjukepleiar: «*Har god erfaring, men bruker en forenklet utgave.*» Fleire skriv liknande kommentarar om bruk av forenkla versjonar. Ein annan svarer: «*Vekslende, kan være varierende bruk og oppfølging av denne. Informasjonssiden er svært nyttig. Også resten av planen dersom den blir brukt flittig.*»

Eit delmål i årsplanen for pasient- og pårørandearbeid var auka etisk medvit hos ressurspersonane. Dette har blitt tatt i vare blant anna gjennom større merksemd på lokalgruppemøta. Gruppeleiarane har stor merksemd på dette området. Dagny Faksvåg Haugen hadde presentasjon om etisk refleksjon for driftsgruppa i sjukepleienettverket i september.

### Fysio- og ergoterapinettverket

Alle som har svart på årleg rapportering kjenner til Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon, og 20 av 22 bruker Retningslinjer for fysioterapi til pasientar i palliativ fase. Det er 5 personar som seier dei har medverka til utarbeiding av individuell plan, og dette er det same som i fjor.

Som nemnt innleiingsvis, svarer cirka 80 % av leiarane for begge nettverk at nettverket bidrar til betre kvalitet på tilbodet som blir gjeve, og fleire framhevar viktigeita av å ha eigne personer som har fokus på dette feltet. Fleire av ressurspersonane formidlar større aksept for arbeidet med pasientar i palliativ fase og betre samarbeid rundt pasientane.

## 2. Kompetanseheving

### Mål: Styrka kompetansen i kreftomsorg og lindrande behandling

#### Sjukepleienettverket

Kompetanseplanen for sjukepleienettverket er gjeldande for sjukepleienettverka i heile Helseregion Vest. «Pasient og pårørende med minoritetsbakgrunn som lever med alvorleg sjukdom» og «Kommunikasjon mellom aktørane i helsevesenet» er obligatoriske tema som har vore fokusert på i alle nettverksgruppene. Valfrie tema har vore «Ressurssjukeleiar som formidlar av kunnskap / rettleiar» (Bergen I), «Ernæring og kartlegging av ernæringsstatus», «Grunnleggande symptomlindring» (Bergen II), «Ernæring og kartlegging av ernæringsstatus», «Ivaretaking av fysisk funksjon» (Bergen III), «Kreftoverlevarar (Seineffektar etter kreftbehandling)» (Vest), «Andre diagnosegrupper (ALS)» (Midhordland), «Andre diagnosegrupper (terminal hjartesvikt)» (Nordhordland), «Ivaretaking av den pårørende» (Voss).

#### Frammøte på nettverksmøte

Nettverksgruppe	Felles nettverksmøte	Andre nettverksmøte	Tredje nettverksmøte
Bergen I	9/20	12/19	10/19
Bergen II	10/27	16/25	14/22
Bergen III	9/18	13/19	14/19
Vest	8/16	11/16	10/14
Midhordland	12/15	11/14	8/14
Nordhordland	14/21	19/22	16/23
Voss	4/13	7/13	8/16

Samanlikna med tal frå i fjor ligg talet på møtte nokså likt. Møta har hatt fokus både på erfaringsutveksling og kompetanseheving og ressurspersonane har delt kasuistikkar som ein har drøfta i fellesskap. Mange av ressurspersonane underviser på lokal arbeidsplass og blir flittig brukt som ressurs i pleiegruppa.

Ressurspersonane i fysio- og ergoterapinettverket har vore invitert til lokale nettverksmøte i sjukepleienettverket.

Under frie kommentarar om kva som har fungert godt i sjukepleienettverket, understrekar fleire samarbeid med kollegaer: at rolla er kjent, at dei blir spurde om råd og rettleiing og at dei har halde internundervisning i avdelinga. Nokre skriv og at dei har hatt internundervisning på fleire avdelingar på sjukeheimen der dei arbeidar.

#### Fysio- og ergoterapinettverket

Kompetanseplanen er no felles for alle fysio- og ergoterapinettverka i Helseregion Vest, men fokusområda for kvart enkelt år er ikkje samkjørte. Fokusområda for vårt nettverk i 2018 var «Lindring i tidlig fase uavhengig av diagnose», som var tema på fagseminaret, samt «behandling av barn og ungdom med alvorlig sykdom». Samlinga for fysio- og ergoterapeutar i vår blei halde på Energisenteret for barn og unge på det nye Barne- og ungdomssjukehuset 6. juni.

Tema var «Behandling av barn og unge med alvorlig sykdom i ulike faser». Denne samlinga blei opna opp for fysio- og ergoterapeutar utanfor nettverket som jobbar med denne gruppa, og for sjukepleienettverket. Det var totalt 55 deltakarar, av desse 21 ressursfysio- og ergoterapeutar. Samlinga blei svært godt evaluert. Det var ikkje eiga samling for fysio- og ergoterapinettverket dette året, og det har difor vore mindre mogelegheit til å ta opp ting som gjeld spesielt for nettverket og for ressurspersonane.

### Introduksjonskurs for nye ressurspersonar

4. september blei det arrangert introduksjonskurs for nye ressurspersonar. Leiatarar/ fagansvarlege som ikkje tidlegare hadde vore på introduksjonskurs, fekk også invitasjon. 28 deltok totalt. I år var heile dagen felles for ressurspersonane i sjukepleie- og fysio- og ergoterapinettverket, samt for alle leiatarane. Tilbakemeldingane frå deltakarane er at dette er eit nyttig kurs: «*Få frem hva rollen som ressursperson innebærer og få en oversikt over nettverket.*», «...knytte kontakter...».

### Årleg fagdag

Årleg fagdag/ Fagseminar i Palliasjon blei arrangert på Bikuben 6. november. Tema for dagen var «Hvordan lindre i tidlig fase – uavhengig av diagnose?» Målet med dagen var at deltakarane skulle få auka kunnskap om identifisering av den palliative pasienten, samt klarheit i kva ansvar me har som helsearbeidarar i å fremja meistring hjå personar som lever med uhelbredeleg sjukdom. Å få ei betre forståing av viktigheita av tverrfagleg tilnærming i tidleg palliativ fase var også eit mål. Dagen blei opna av musikkterapeutar frå HUS. Legane Nina Hjorth, Olav Hevrøy og Margrethe Aase Schaufel hadde kvar sine bolkar om pasienten med behov for palliasjon og lindring i tidleg fase. Kristian Jansen snakka om fastlegen si rolle i oppfølginga av palliative pasientar. Psykolog Tora Garbo snakka om «å leve med alvorleg, uhelbredeleg sjukdom». Ei pårørande delte si sterke historie. Ergoterapiavdelinga på HUS hadde eit lite foredrag om aktivitetsregulering. I tillegg presenterte sjukepleiarar og fysioterapeutar frå Samnanger kommune erfaringar frå praksis. Ein avslutta dagen med tverrfagleg gruppearbeid og paneldebatt. 158 personar var påmeldt totalt, og fagdagen blei godt evaluert. Presentasjonar frå fagdagen er lagt på nettverket sine nettsider.

### Deltaking på kurs, konferansar og hospitering

54 sjukepleiarar og 9 fysio- og ergoterapeutar rapporterer at dei har delteke på relevante kurs eller konferansar i 2018. Nye ressurspersonar utan vidareutdanning blir oppmoda til å delta på palliative fagdagar. 60 (79 %) svarer at de har delteke på palliative fagdagar i løpet av tida dei har vore ressurssjukepleiarar.

I sjukepleienettverket har 11% hospitert i løpet av de to siste åra, og 14 % i fysio- og ergoterapinettverket har hospitert i den perioden dei har vore ressursperson. Kommentarar frå sjukepleiarar viser at det er mange som ynskjer å få det til, men det er vanskeleg å prioritere hospitering i ein travel arbeidskvardag. Fleire er også nye i rolla, eller har nyleg tatt vidareutdanning, og ser ikkje behov enda.

### Internundervisning

49 personar i sjukepleienettverket (64 %) og 9 personer (41 %) i fysio- og ergoterapinettverket svarer at dei har hatt internundervisning. Dette talet er stabilt samanlikna med dei siste to åra. Ein viktig del av det å vera med i nettverket, er å vidareformidla kompetanse. Det kan tenkast at fleire har svart nei på dette spørsmålet fordi dei gjerne har rettleia kollegaer, men ikkje synest dei har hatt direkte undervisning. 83 % av leiarane i fysio- og ergoterapinettverket svarer positivt på at dei sjølv eller personalet har fått referat frå nettverksmøte som deira ressursperson har vore på. Blant leiarane i begge nettverka blir det framheva i rapporteringa at ressurspersonane i stor grad har blitt brukt som ressursperson ovanfor kollegaer. I rapporteringa frå ressurssjukepleiarane er det mange som opplever at det å bli brukt av kollegaer til råd og rettleiing, fungerer godt. Dette indikerer at fleire ressurspersonar likevel er med å føra ny kunnskap til avdelinga i form av «små drypp» på personalmøte og liknande.

Både på nettverksmøte og gjennom årleg rapportering får me stadfesta at ressurspersonane har eit stort engasjement for å heva kompetansen blant kollegaer. Fleire nemner i rapporteringa at dei har brukt undervisningspakkane i dette arbeidet. Me vil halda fram med å ha merksemeld mot undervisningsfunksjonen og deling av kompetanse i 2019.

## **Prosjektmiddel**

Det blei sendt søknad til Fylkesmannen om kommunalt innovasjonstilskot, men diverre fekk me avslag på søknaden grunna svært mange søkerar og få middel å fordela.

## **3. Organisering og drift av nettverket (driftsgruppa sine oppgåver)**

**Mål:** Vera eit velfungerande og fullt utbygd nettverk

**Styringsgruppa** har hatt møte i januar og i september. Leiarane for dei to nettverka har delteke på møta.

### **Driftsgruppene**

Det er godt samarbeid mellom sjukepleie- og fysio- og ergoterapinettverket. Saman har me planlagt og arrangert introduksjonskurs og årleg fagdag. Me har skrive to felles nyhendebrev og gjennomført årleg rapportering. Me har også invitert til kvarandre sine nettverksmøte.

**Sjukepleienettverket:** Driftsgruppa har hatt fire møte i 2018. Dette året har det vore spesielt fokus på leiingsforankring (sjå eige punkt) og vidareformidling. Det er god deltaking på nettverksmøte. Nettverket har framleis som målsetting å ha 80 % deltaking på nettverksmøte og årleg fagdag innan 2020.

Velkomstbrev er sendt til nye ressurssjukepleiarar med kopi til nærmeste leiar. Referat frå lokale nettverksmøte og nyhendebrev er sendt til både ressurssjukepleiar og nærmeste leiar for ressurssjukepleiar.

Leiar for driftsgruppa har arrangert og deltatt på to møte for driftsgruppeleiarar i Helseregion Vest i 2018.

### **Fysio- og ergoterapinettverket:**

Driftsgruppa har hatt fem møte dette året, og oppgåvene har vore fordelte mellom medlemene i driftsgruppa. I tillegg til det som er gjort i samarbeid med sjukepleienettverket, har det vore arbeidd med planlegging og gjennomføring av eige nettverksmøte. Det er sendt ut velkomstbrev med informasjon om nettverket til nye ressurspersonar. Leiar har også deltatt på møte for alle driftsgruppeleiarane i helseregionen. Talet på ressurspersonar og geografisk representasjon er tilnærma den same som i fjar. Deltakinga på nettverksmøte viser seg likevel å vera litt dårlegare enn tidlegare, spesielt på fellessamlinga, og svarprosenten på årleg rapportering er lågare enn tidlegare år.

### **Økonomi**

Nettverket sin saldo per november 2018 var kr 57 112,-.

## **4. Leiingsforankring**

**Mål:** Vera forankra i leiinga på alle nivå

**Leiar og ressursperson er gjensidig forplikta på nettverksarbeid**

Seks leiarar deltok på årleg fagdag. Leiarane opplevde at dagen som heilskap fungerte svært godt. Fagleg påfyll, bli oppdatert i høve til kva som skjer innan fagfeltet og å knyta kontaktar nemner dei som viktigaste moment denne dagen.

Nyhendebrev blir sendt ut til alle leiarar i nettverket i løpet av desember.


### **Sjukepleienettverket:**

86 % er kjende med avtalen

82 % er kjende med arbeidsplan og kompetanseplan

63 % har hatt møte med ressurssjukepleiar

Svara frå leirarar på korleis dei bruker ressurssjukepleiar (prosent):



Under frie kommentarar om kva som har vore mest positivt, blir fylgjande framheva: føreseielege samlingar, danning av eit godt nettverk på tvers av fag og etat, auka motivasjon, nettverket bidreg til auka kompetanse. Ein leiar skildrar det slik: «ny oppdatert kunnskap kjem ut i organisasjonen til glede for pasientar og kollegaer.»

Fleire ressurssjukepleiarar rapporterer også om god leiingsforankring og -involvering.


#### Fysio- og ergoterapinettverket:

100 % er kjende med avtalen

100 % er kjende med arbeidsplan og kompetanseplan

57 % har hatt møte med sin ressursperson, mot 44% i fjar, medan berre 27% av ressurspersonane svarer at dei har hatt møte med sin leiar.

På spørsmål om korleis dei brukar sin ressursperson, svarar dei fylgjande (del i prosent):




Under kommentarar om kva som har vore bra med å ha ressursperson, blir det framheva viktigheita av å ha ein person som har fokus på dette området, og at ein får informasjon, oppdatert kunnskap og heva kompetanse.

## 5. Samhandling

**Mål:** Bidra til å betra samhandlinga rundt kreftpasientar og pasientar i palliativ fase, på tvers av nivå og faggrupper.

### I sjukepleienettverket:

Figuren viser kven funksjonen som ressurssjukepleiar er kjent for:



46 % svarer at dei opplever at informasjonen dei får frå sjukehuset om palliative pasientar, har tilfredsstillande kvalitet, og 78 % opplever å ha tilgang på personell i sjukehus når dei treng å drøfta noko rundt palliative pasientar.

Under frie kommentarar kjem det fram at nettverket har stor verdi for engasjement og erfaringsutveksling. Fleire påpeikar viktigheita av et større kontaktnettverk og godt samarbeid med andre ressurspersoner på tvers av nivåa i helsevesenet. «*Veldig inspirerande. Trivast veldig godt i vår lokale gruppe. Kjekt at vi er blanda både frå helseføretak og kommunehelsetenesta. Masse gode ressursar!!!*»

Pårørande har delt sine erfaringar på nettverksmøte der dette har passa til tema, og på årleg fagdag. På årleg fagdag var det tverrfagleg presentasjon av sjukeheimslege, ressurssjukepleiar og resursfysioterapeut. I tillegg var det tverrfagleg gruppearbeid, samt ein paneldebatt der både pårørande, fastlege, ein ressursfysio-/ergoterapeut, ein representant for Palliativt team, ressurssjukepleiar og kreftkoordinator deltok.

Nettverket har eit godt samarbeid med kreftkoordinatorane, som både er representert i driftsgruppa og i dei lokale nettverksgruppene.

40 % av ressurssjukepleiarane i dei kommunale helse- og omsorgstenestene svarte at dei har hatt samarbeidsmøte med fastlegen om aktuelle pasientar. Dette talet er gått ned frå 50% samanlikna med i fjor.

### Fysio- og ergoterapinettverket:

I rapporteringa blir det framheva at samarbeid med andre faggrupper har fungert godt. Dette blei i fjor også nemnt under utfordringar, men det blir det ikkje i år, noko som kanskje indikerer at dette området er i positiv utvikling. 45 % svarer at dei har samarbeidsmøte med ressurssjukepleiar og 41 % svarer at dei har samarbeidsmøte med andre faggrupper, tal som er ganske stabile i samanlikna med i fjor. Samhandling på tvers av nivåa kjem ikkje fram i rapporteringa.

## Konklusjon

2018 har vore prega av jamn god drift, og det har vore god stabilitet i nettverket. Rapporteringa viser at leiarane i større grad gjer seg nytte av ressurspersonane på mange område. Mange ressurspersonar uttrykker stort engasjement i arbeidet som ressursperson, og ser stor nytte av nettverket. I tillegg nemner fleire korleis dei i aukande grad blir brukt som ein ressurs, både til undervisning og kollegial rettleiing i palliasjon.

Rapporteringa viser også at det er fleire område det er behov for å arbeide vidare med. Færre har medverka til utarbeidning av individuell plan enn i fjor. Feilkjelder i resultata frå den årlege rapporteringa kan ligga i ei nedgang i svarprosent samanlikna med i fjor.

Me har både i 2017 og 2018 hatt stort fokus på **leiingsforankring**, men me ser at dette framleis trengst å jobbast med. Det er varierande erfaringar i høve til det å definera si tid som ressursperson, men fleire nemner i rapporteringa at dei får sett av tid til denne funksjonen. Aktiv og bevisst bruk av arbeidsplanen trur me også vil bidra til ei bevisstgjering av eiga rolle og til eit enda betre system i arbeidet som ressursperson.

I fysio- og ergoterapinettverket har det vore noko mindre deltaking på nettverkssamlingar og på årleg rapportering dette året. Det kan ha samanheng med at det ikkje har vore noko eige møte for berre ressurspersonar i fysio- og ergoterapinettverket, med mogelegheit for samtale, erfaringsutveksling mellom ressurspersonane og fokus på rolla. Temaa har heller ikkje vore like relevante for alle. Driftsgruppa ser behov for å ha samlande og samtidig relevante og fagspesifikke tema det komande året, samt noko meir fokus på ressurspersonrolla og erfaringsutveksling.

Det er tryggande å fastslå at me har eit stabilt og svært kunnskapsrikt nettverk. Me er stolte over det me saman får til, og det er flott å sjå kva enkelt ressursperson får til på eigen arbeidsstad. Nettverket omfattar viktige nøkkelpersonar som er med på å løfta kompetansen i kreftomsorg og lindrande behandling.